

AVTALE

mellom

Meland kommune

Og

Bjørn-Terje Svendsen

Eigar av gnr. 23/85 i Meland kommune

Avtalen gjeld omlegging av kommunale vass- og avlaupsleidninger i Frekhaugskogen.

Mellan Meland kommune og eigar av gnr. 23 bnr. 85 i Meland er inngått følgjande avtale:

1. Meland kommune vert gjeve rett til å leggja og ha liggjande vassleidning, avlaupsleidning og overvassleidning, med tilhøyrande utstyr og kummer. Den aktuelle plasseringa av leidningane er synt på vedlagt kart i målestokk 1:500. Det kan bli mindre tilpassingar av trasèen i samband med utføringa av anlegget.
2. Meland kommune har rett til tilkomst til leidningsanlegget i anleggstida og tilkomst for seinare tilsyn, vedlikehald og fornying, herunder rett til å nytte private atkomstveger.
3. Anleggsarbeidet og seinare vedlikehaldsarbeid skal utførast slik at det valdar minst mogleg skade og ulempe. Der eigedomen vert rørt av anlegget skal dei opphavlege forholda bli gjenopprettet i den grad det er mogleg.
4. Eventuell erstatning for skade eller ulempe som måtte bli påført eigedomen som følgje av kommunen sitt anleggsarbeid skal erstattast ved minneleg overeinskomst, eventuelt skjønn. Skader ved kommunen sitt framtidige tilsyn, vedlikehald og fornying av leidningsanlegget skal bli handtert på same måte.
5. I ein fråstand på 4 m frå midt-grøftetrasè må det ikkje førast opp bygg, gravast, sprengjast eller i det heile setjast i verk tiltak som kan føre til fare for leidningen. I dette feltet skal det heller ikkje plantast tre. Ellers må det tett inntil leidningsanlegget visast varsemd slik at det ikkje vert skadar på anlegget. Ein føreset at leidningen vert lagt med minst 1 m overdekning. Vanleg jordbruksarbeid, pløyning og liknande kan utførast over leidningen.

Kommunen kan gje dispensasjon med vilkår frå denne bestemminga.

6. Etter at anleggsarbeidet er utført over eigedomen skal Meland kommune, saman med grunneigar, føreta synfaring.

7. Denne avtalen skal tinglysast som hefte på eigedomen. Meland kommune betalar tinglysingskostnadane.

Stad og dato:.....

Stad og dato:.....

Eigarar av gnr. 23 bnr. 85

Meland kommune

.....
Bjørn-Terje Svendsen

.....
Orgnr: 951 549 770

Personnr:.....